

Til Gunnar Høverstad og Olav Steinnes

Blommenholm bridgeklubb

Blommenholm bridgeklubb har vendt seg til kontrollkomitéen i NBF i E-post av hhv 1. og 7.10 2015 vedkomande ordinært (19.5) og ekstraordinært (30.9) kretsting for NBF Oslo.

Kontrollkomiteen i NBF skal i følgje vedtektenes handsame eventuelle spørsmål frå representantene om kretsting. Kontrollutvalet har tolka spørsmåla frå Blommenholm Bridgeklubb som spørsmål frå underskrivarane Gunnar Høverstad for ordinært kretsting og Olav Steinnes for det ekstraordinære.

Før handsaminga spørsmåla kunne skje, trekte Ketil Jørstad seg frå komitéen, og Petter Eide gjekk inn i staden. Dessutan fann komitéens leiar at han var inhabil, etter som han styrde ordet på begge tinga og også er leiar av fondsstyret. Ansvarlig for handsaming og svar til representantane er då Arve Farstad, Petter Eide og Asbjørn Anthonsen.

Når det gjeld styret i NBF si handsaming av spørsmåla frå Blommenholm Bridgeklubb, vil vi eventuelt koma tilbake seinare.

Vi har kome fram til følgjande:

Det ordinære kretsting var mangelfullt førebudd, og kontrollkomiteen er samd med Gunnar Høverstad i at det var mangt å stilla spørsmål ved. Etter det vi har fått vite ba Kretsstyrets leiar om orsaking og gav si forklaring på manglane. Ho peikte spesielt på sjukdom hos kasserar. Eit forslag var gløymt teke med på dagsorden . Innkallinga vart likevel godkjend mot Høverstads stemme. Vi reknar då tinget som lovlig sett. Tinget er suverent i slike saker og kontrollkomiteen har ikkje nokon merknad til dette.

Det ekstraordinære kretstinget blei innkalla fordi eit mulig kjøp av nye lokale hadde dukka opp. Ved dette høvet var det også , slik Olav Steinnes har påpeikt, manglar ved saksførebuinga.

Mellom anna hadde Kretsstyret ikkje gjort den utgreiinga av behov for leige eller kjøp av lokale som det ordinære kretstinget vedtok. Det var uklårt kva prisen var, tilstanden og utgifter til oppussing.

Til Styrets orsaking må ein likevel nemna at det syntes naudsynt å handla raskt for ikkje å missa høvet til ein god handel.

Tinget valde å godkjenna dagsorden og gav seinare med 14 mot 8 stemmer styret fullmakt til på visse vilkår å gå vidare med planane om å skaffa nye lokale.

Til tross for dette legg kontrollkomiteen til grunn at innkallinga vart godkjend og tinget dermed lovleg sett.

for KontrollkomiteeN

Arve Farstad Petter Eide Asbjørn Anthonsen

